



Høyringsliste

Vår ref.: 2102046-2 -
Vår dato: 30.3.2021

Dykkar ref.:
Dykkar dato:

Sakshandsamar: Roger Marthinsen

Høyringsbrev

I samband med [innføringa av EUs Web Accessibility Directive \(WAD\) i norsk rett](#), har Tilsynet for universell utforming av ikt i Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) fått i oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) å utarbeide norskspråklege versjonar av [EN 301 549 V2.1.2 \(2018-08\)](#) og [WCAG 2.1](#). Bakgrunnen for dette er at EN 301 549 har fått status som ein harmonisert standard gjennom ei gjennomføringsforordning til WAD.

Harmoniseringa gjer at ein legg til grunn at ei løysing som er i samsvar med krava i EN 301 549 V2.1.2 (2018-08), som igjen viser til WCAG 2.1, også er i samsvar med krava i WAD. Som ein følge av den nære koplinga mellom EN 301 549 V2.1.2 (2018-08) og WCAG 2.1, er det hensiktsmessig å handsame desse to dokumenta samla.

EN 301 549 V2.1.2 (2018-08) er ein ETSI-standard, medan WCAG 2.1 er utgitt av W3C. Ansvaret for kvalitetssikringa av dei norskspråklege versjonane ligg for EN 301 549 V2.1.2 (2018-08) til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) som har nasjonalt standardiseringsorgan (NSO) for ETSI-standardar, medan det for WCAG 2.1 er Digdir som er akkreditert som Lead Translate Organisation (LTO) for WCAG 2.1 av W3C.

For å sikre heilskap i dei to omsetjingane er det etablert ei felles arbeidsgruppe bestående av Digdir og Nkom, samt innleidd konsulent frå Universell Utforming AS. Arbeidsgruppa har jobba tett med referansegruppa, som har bestått av representantar frå:

- Bufdir
- Finn.no
- Hørselshemmedes landsforbund
- KS
- Likestillings- og diskrimineringsombodet
- Media LT
- NEK
- Norges blindeforbund
- Norges Døveforbund



- Norsk regnesentral
- NTNU
- OsloMet – Storbyuniversitetet
- Tingtun
- Trondheim kommune
- Universitetet i Agder

Referansegruppa bidrege med fyrstehandskunnskap i arbeidet med omsetjinga, og har samla kome med totalt 955 endringsforslag (665 til EN 301 549 V2.1.2 (2018-08) og 290 til WCAG 2.1). Det er slik eit grundig arbeid som ligg bak utkastet som no er sendt ut på høyring.

Arbeidsgruppa ser fram til å sjå kva innspel som kjem i høyringsperioden, og tek sikte på å ha klar offisielle omsetjingar av EN 301 549 V2.1.2 (2018-08) (Nkom) og WCAG 2.1 (W3C) i løpet av våren 2021. Høyringa om WCAG 2.1 går parallelt og følger W3C sin prosess, sjå [Digdir sine nettsider](#).

Nkom ber om tilbakemeldingar om omsetjinga av EN 301 549 V2.1.2 (2018-08). Frist for å sende inn høyringssvar er 24. april 2021.

Tilbakemeldingar førast i eit tilbakemeldingsskjema (tilgjengelig i tekst- eller regnearkformat) og sendes med **Nkoms referanse «2102046-2»** i e-post til firmapost@nkom.no.

Med helsing

Tor Bringsverd
seksjonssjef

Roger Marthinsen
sjefingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og ekspedert utan underskrift